



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/672

8. november 2018

KLAGE PÅ VEDTAK OM AVSLAG TIL ØVRE STORELVI KRAFTVERK I LUSTER

Øvre Storelvi Kraft AS har klagt på NVE sitt avslag på søknaden om konsesjon til Øvre Storelvi kraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har vurdert klagen i brev til departementet av 13.1.2015, og har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt.

BAKGRUNN

Storelvi Kraft AS søkte om konsesjon til bygging av Øvre- og Nedre Storelvi kraftverk i søknad av 28. juni 2013.

NVE avslo å gje konsesjon til begge kraftverka i vedtak av 19.11.2014. Søkar har ikkje klagt på avslaget til Nedre Storelvi kraftverk, og i det vidare vil departementet berre kommentere tilhøve som gjeld Øvre Storelvi kraftverk.

Planane for Øvre Storelvi kraftverk er endra samanlikna med opphavleg søknad. Med basis i høyringa av søknaden er prosjektet no planlagt med tunell i staden for røyr. Kraftverket er planlagt bygd med inntak på kote 233,5 og kraftstasjon på kote 211.

Middelvassføringa var i utgangspunktet estimert til 12,6 m³/s, men etter å ha gjort målingar i vassdraget meiner søkar at middelvassføringa er på 15,2 m³/s. Søkar har fremja ein auke i slukeevnen og har levert nytt kostnadsoverslag til departementet etter at saka var send over frå NVE.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Håvard Hamnaberg
22 24 61 32

Etter desse forslaga til endring i prosjektet er slukeevna føreslått sett til 26 m³/s, eller 1,7 gongar middelvassføringa, noko som gjev ei installert yting på 5 MW og ein årsproduksjon i eit normalår på 17,2 GWh. Minste slukeevne er sett til 0,87 m³/s. Utrekninga av årsproduksjonen er gjort med utgangspunkt i ei minstevassføring på 2,5 m³/s sommarstid, som er det same som vart lagd til grunn i den opphavlege utforminga frå konsesjonssøknaden.

Utbyggingskostnaden er etter endringane av søkar oppgjeven til 62,2 millionar kroner, noko som gjev ein spesifikk utbyggingskostnad på 3,6 kr/kWh.

I NVE si høyring av søknaden om Øvre Storelvi kraftverk gjekk ingen høyringspartar mot prosjektet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner verknaden av ei utbygging for landskap og friluftsliv er akseptabel, på vilkår av at det ikkje vert gjort inngrep i jettegrytene nedstraums inntaket og at elveøyra oppstraums inntaket kan ivaretakast. Andre mindre merknadar frå høyringspartane er ivaretekne med dei endringane som er gjort i prosjektet i høve opphavleg søknad.

NVE av slo søknaden om konsesjon til Øvre Storelvi kraftverk 19.11.2014, der det særleg blir vist til det geologiske særpreget til vassdraget og den nasjonale verdien området har for friluftsliv.

KLAGEN

Øvre Storelvi Kraft AS og Tyngdekraft AS klaga i brev til NVE av 10.12.2014 på NVE sitt avslag på konsesjon til Øvre og Nedre Storelvi kraftverk. Klagen gjeld berre Øvre Storelvi kraftverk.

Klagarane peikar på at ingen høyringspartar har gått mot ei utbygging av Øvre Storelvi kraftverk, og meiner NVE sin konklusjon ikkje er i samsvar med dette. Det vert også peika på at prosjektet er endra (vassveg i tunell) for å redusere skadeverknadane ved ei utbygging.

Klagarane er ikkje samde i NVE si vurdering av verknaden ei utbygging vil ha for jettegrytene i elva. Klagarane meiner også at området sin verdi for friluftsliv ha fått for stor vekt i NVE si vurdering.

DEPARTEMENTET SINE MERKNADAR

Løyve til Øvre Storelvi kraftverk kan gjevast om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser," jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til tilhøve som ikkje er teke opp av klagarane.

Kunnskapsgrunnlaget og tilhøvet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 8 og prinsippa i same lov §§ 9-12 vert lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Det vert i den samanheng vist til forvaltingsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Departementet ser til desse

forvaltingsmåla ved si handsaming etter vassdragslovgjevinga. I tråd med naturmangfaldlova § 8 fyrste ledd om kunnskapsgrunnlaget bygger departement si vurdering og tilråding m.a. på følgjande:

- Konsesjonssøknaden, dagsett 28. juni 2013
- Kartlegging av biologisk mangfald frå Aurland Naturverkstad BA, dagsett 17. september 2007
- Innkomne høyringsfråsegner
- NVE sitt vedtak av 19. november 2014 og NVE sitt oversendingsbrev av 13. januar 2015.
- Utbyggar sine innsende forslag til endringar i prosjektet basert på ny informasjon om hydrologien i vassdraget, m.a. brev av 6. januar 2017.

Departementet heldt synfaring av utbyggingsområdet 19. september 2017.

Grunna endringane i utforminga på kraftverket og endringane i dei hydrologiske føresetnadane for utbygginga har departementet innhenta NVE sine synspunkt på kostnadsbiletet for Øvre Storelvi kraftverk og NVE si vurdering av kva minstevassføringa burde setjast til om Øvre Storelvi kraftverk skulle få konsesjon. NVE sende over sine vurderingar i brev av 11. juni 2018.

For eit oversyn over registrerte raudlistearter, naturtypar og samla påverknad frå kraftutbygging vert det vist til NVE sitt vedtak (KSK-notat 56/2014). Departementet støttar NVE sin konklusjonar om at ei utbygging i Storelvi ikkje vil vere i direkte konflikt med forvaltingsmåla i naturmangfaldlova for naturtypar og økosystem eller for artar (naturmangfaldlova § 4 og § 5).

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved dei gjennomførde utgreiingane og høyringar til at det kan gjerast vedtak. Departementet meiner ein kan gå ut frå at materialet gjev den naudsynte kunnskapen om utbreiinga av naturtypar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga for naturtypar og den økologiske tilstanden i området er godt nok opplyst.

Økonomi – prissette verknadar

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnyttan ved Øvre Storelvi kraftverkt vil vere produksjonen av fornybar energi.

Tiltaket kan ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetjing under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til utbyggar, grunneigarar og Luster kommune.

Byggekostnadane for Øvre Storelvi kraftverk er av søker rekna ut til 62,2 mill.kr. (2017-nivå), inkludert 1,9 millionar kroner i anleggsbidrag for tilknyttinga til kraftnettet.

Obos Energi har to småkraftverk under bygging i Veitastrond (Svardøla og Eldeelvi kraftverk). Desse må vere med på å finansiere ei ny line inn til området (Hafslo-Veitastrond. Utbyggar meiner at nettkostnaden ved ei utbygging av Øvre Storelvi kraftverk må seiast å vere den marginale endringa som vil vere naudsynt, estimert til 1,9 millionar kroner. Det er teke investeringsavgjerd for Hafslo-Veitastrond. Departementet legg til grunn for vurderinga av den samfunnsøkonomiske lønsemda til prosjektet at nettkostnaden er 1,9 millionar kroner.

NVE meiner Øvre Storelvi kraftverk, dersom det skal gjevast konsesjon til kraftverket, må få eit krav om minstevassføring lik fem-persentilen, som er rekna ut til 8,3 m³/s i sommarhalvåret og 0,78 m³/s i vinterhalvåret, av omsyn til landskapsbiletet og dei geologiske prosessane. Dette er vesentleg høgare enn det søkar har lagt opp til, og vil redusere årsproduksjonen med om lag 2 GWh/år. Departementet støttar NVE si vurdering av nivået på minstevassføringa.

Med endra nivå på minstevassføringa vert årsproduksjonen i eit normalår på 15,2 GWh, og med den marginale nettkostnaden rekna inn i prosjektet, vert den spesifikke investeringskostnaden 4,1 kr/kWh.

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordelar og ulemper. Departementet har rekna ut noverdien basert på oppgjevne investeringskostnadar, typiske driftskostnadar, den venta årsproduksjonen som er drøfta over, eit estimat for elsertifikatprisen og eit utfallsrom for kraftprisen slik han er modellert av NVE fram mot 2030 (høg/låg/basis). Med desse føresetnadane får kraftverket positiv noverdi når ein legg basisprisbanen til NVE til grunn.

Departementet presiserer at usikkerheita i denne fasen normalt er betydeleg både når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar.

Friluftsliv

Departementet legg til grunn at tiltaket ligg ved tilkomstvegen til friluftsområdet og er lite synleg frå vegen. Departementet legg ikkje stor vekt på omsynet til friluftsliv i si vurdering av konsesjonsspørsmålet, men meiner minstevassføringa som vert fastsett vil oppretthalde noko av inntrykksstyrken og opplevingskvalitetane langs vassdraget.

Jettegryter

NVE har i sitt avslag lagt stor vekt på førekomsten av jettegryter i vassdraget. Desse jettegrytene finst både på utbyggingsstrekninga og elles i vassdraget. I avslaget legg NVE vekt på at Storelvi eignar seg godt til ekskursjonar og feltstudiar i geologi.

Departementet sluttar seg til NVE si vurdering av at jettegrytene i Storelvi er særprega og interessante. Med ei utforming av inntaket som tek omsyn til jettegrytene, og med ei minstevassføring på 8,3 m³/s i sommarhalvåret og 0,78 m³/s i vinterhalvåret, meiner departementet at ei utbygging vil gje akseptable verknader for jettegrytene.

Elveøyr ved inntaket

Det er ei elveøyr rett oppstraums inntaket. Elveøyra er ikkje registrert i Naturbase, mellom anna av di han i utgangspunktet låg utanfor influensområdet til kraftverket og dermed ikkje vart undersøkt i kartlegginga av biologisk mangfald. Inntakspunktet vart av søkar føreslått flytt noko lenger opp i vassdraget for å unngå konflikt med jettegryter.

NVE skriv i sitt vedtak at det vil vere svært krevjande å unngå å påverke elveøren negativt ved ei utbygging etter føreliggande planar.

I Direktoratet for Naturforvaltnings *Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold* (2007) er både naturtypen Stor Elveør (E04) og tilhøyrande flora og fauna vurdert som "noe truet" (VU). I tråd med departementet sine *Retningslinjer for små vannkraftverk* skal ein slik førekomst tilleggast middels verdi i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Basert på NVE si vurdering, omtalen i Aurland Naturverkstad sin rapport om biologisk mangfald og fylkesmannen sin uttale, legg departementet til grunn at førekomsten av elveøyr må leggst vekt på i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

I *Retningslinjer for små vannkraftverk* heiter det at:

Tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfold av stor og middels verdi forøvrig må påregne pålegg om avbøtende tiltak som reduserer konflikten, eks. i form av krav om minstevannføring og/eller andre miljøtilpasningar av prosjektene.

Elveøyra har i følge Aurland Naturverkstad sin rapport om biologisk mangfald potensial for å ha førekomstar av sjeldne artar innan evertebratar (insekt). Dette er basert på funn gjort i liknande vassdrag i nærleiken. Dette tilhøvet styrkar etter departementet sitt syn argumentet om at elveøyra oppstraums inntaket må takast særleg omsyn til.

Departementet legg til grunn at det er muleg å tilpasse inntaksløysinga slik at verknadane for elveøyra vert akseptable. Den endelege løysinga kan etter departementet si vurdering godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga, og er soleis ikkje avgjerande for sjølv konsesjonsspørsmålet.

Det må i detaljplanlegginga leggst vekt på å unngå at utbygginga gjer skade på førekomsten av elveøyr. NVE skriv i brevet til departementet av 11. juni 2018:

Viktige moment ved ein ev. konsesjon til tiltaket vil elles vere riktig plassering av inntak for å sikre at elveørlokaliteten ved inntaket ikkje vert neddemt. Lokaliteten bør inventerast og verdsettast av biolog, for så å verte avgrensa slik at tiltakshavar kan halde seg utanfor denne.

Departementet sluttar seg til denne vurderinga.

Oppsummering

Øvre Storelvi kraftverk vil bidra med ein årleg produksjon på om lag 15 GWh årleg. Kraftverket vil gje varige inntekter til Luster kommune, Obos Energi AS/Øvre Storelvi Kraft AS, grunneigarar og kommunen.

Etter departementet sitt syn vil ei varsam utbygging av Øvre Storelvi kraftverk ha avgrensa og akseptable verknadar for naturmangfald og andre interesser.

Det er lagt stor vekt på at ei utbygging skal gjerast varsamt og med særleg merksemd om førekomsten av jettegryter og elveøyr. Departementet meiner at omsynet til jettegrytene så langt som råd må takast i vare i detaljplanlegginga, men at dette er underordna omsynet til elveøyra.

Det er sett vilkår om ei minstevassføring lik 5-persentilen.

Etter ei samla vurdering har departementet komme til at fordelane ved ei utbygging av Øvre Storelvi kraftverk er større enn ulempene for private og allmenne interesser. Vilkåret for konsesjon er dermed oppfylt.

Departementet viser til vilkår for konsesjonen og merknadar til desse vilkåra i vedlegg til dette vedtaket.

VEDTAK

Klagen frå Øvre Storelvi Kraft AS og Tyngdekraft AS vert teken til følgje. NVE sitt vedtak om avslag på konsesjonssøknaden vert gjort om.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Håvard Hamnaberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Norges vassdrags- og energidirektorat

Adresseliste

Kjell Jarle Bruheim		6878	VEITASTROND
Obos Energi AS	Postboks 6666	0129	OSLO

Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til bygging og drift av Øvre Storelvi kraftverk i Luster kommune gitt av Olje- og energidepartementet 8. november 2018

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 8,3 m³/s i perioden 1. juni - 30. september, og 0,78 m³/s resten av året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 15.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget. Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a) å sørge for at forholdene i Storelvi er slik at de stedege fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- b) å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c) å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d) å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og ev. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres

av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning/Sametinget med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Ferdsl m.v.

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utilgjengelige.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprenskinger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE.

Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltens utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes eller sikres.

For alle vassdragsanlegg skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av reguleringens virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å

bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE bli varslet om overdragelsen i forkant.

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av NVE til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av NVE.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.

Departementet sine merknader til vilkår og andre tilhøve (Øvre Storelvi i Luster)

Tilhøvet til anna lovverk

Tilhøvet til energilova

Øvre Storelvi kraftverk skal knytast til eksisterande nett i Luster via en om lag 1,3 km lang jordkabel.

Departementet legg til grunn at Luster Energiverk AS skal stå for bygging og drift av tilknyttinga til eksisterande nett, og at spenningsnivået ikkje er høgare enn 22 kV, slik søknaden legg til grunn. Det vil i tilfelle ikkje vere naudsynt med anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytting. Dersom tiltakshavar ser trong for ein eigen anleggskonsesjon for tiltaket, må han søke NVE om dette.

Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny nettilknytting og eventuell forsterkning for kommune, fylkesmann, grunneigarar og andre involverte for fråsegn. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje saka fram for NVE som då vil behandle saka som ein anleggskonsesjon.

Verknadane av tilknytingskabelen inngår i departementet si heilskaplege vurdering av planane.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør post 4 i vilkåra for løyvet.

Tilhøvet til plan- og bygningslova

"*Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker*" gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Det er departementet sitt syn at Øvre Storelvi kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane for biologisk mangfald. Formålet med tiltaket er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til verdiskaping. Departementet meiner at fordelene utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar sett frå eit miljøperspektiv. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte.

Merknader til vilkåra for løyvet etter vassressurslova:

Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå brev av 6. januar 2017, som fremjar endringar i høve konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	m ³ /s	15,22
Alminneleg lågvassføring	l/s	661
5-persentil sommar	m ³ /s	8,294
5-persentil vinter	l/s	777
Største slukeevne *	m ³ /s	26,03
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	171
Minste driftsvassføring	l/s	870

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 26,03 m³/s. Dette utgjer om lag 171 % av middelvassføringa. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 2,5 m³/s i perioden 1. mai til 30. september og 670 l/s resten av året, men søkjar har også føreslått å starte sommarperioden 1. juni.

I ei avgrensa høyring av endringar i planane for kraftverket som del av NVE si handsaming har søkjar føreslått ei minstevassføring på 5,4 m³/s, som på tidspunktet for synfaringa til NVE. Der vurderte søkjar også ei minstevassføring på nivå med 5-persentilen. For det siste alternativet har søkjar komme til svakt betra miljømessig effekt, liten til middels visuell effekt og svak negativ verknad på produksjon og økonomi. Sogn og Fjordane Turlag har kommentert at ei minstevassføring på 2,5 m³/s er lågt i høve fem-persentilen og i høve den naturlege vassføringa sommarstid.

Av omsyn til landskapsbiletet, inntrykksstyrken og opplevingskvalitetane i vassdraget meiner departementet at minstevassføringa om sommaren må vere større enn kva søkjar har lagt til grunn. Ei auka minstevassføring vil også bidra til å oppretthalde noko av dei geologiske prosessane som har forma jettegrytene i elveløpet. Naturleg lågvassføring, slik denne kjem til uttrykk i 5-persentilen, vil etter departementet sitt syn vere eit riktig utgangspunkt ved fastsetjing av minstevassføring. Grunna eit stort brefelt/sein snøsmelting meiner departementet det er akseptabelt å starte perioden med sommarnivå på minstevassføringa 1. juni. Departementet fastset at det skal sleppast ei minstevassføring på 8,3 m³/s i perioden 1. juni - 30. september og 777 l/s resten av året. Dette reduserer produksjonen med i storleiksorden 2 GWh i høve utforminga føreslått i brev av 7. september 2017.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Teknisk løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det bli sett opp skilt med opplysingar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet vil presisere at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget. Dette er primært av omsyn til anadrom fisk.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og inntak skal førekomsten av elveøyr oppstraums inntaket inventerast og verdsettast av biolog.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmende for sikkerheitskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Tilhøvet til energilova".

Departementet syner òg til merknadane om kulturminne i vilkåra under post 6 nedanfor.

I tabellen nedanfor blir føringar og krav som ligg til grunn for løyvet summert opp. Det kan likevel førekome at det er gitt føringar andre stadar i departementet si drøfting som ikkje går fram av tabellen. Departementet vil presisere at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt løyve på følgjande føresetnadar:

Inntak	Inntak skal plasserast på kote 233,5 slik det går fram av brev av konsesjonssøknaden og seinare innsende dokument, men tilpassa i detaljplan slik at omsyna under tabellen vert ivaretekne.
Vassveg	Vassvegen skal gå i tunnell frå inntaket til kraftstasjonen.
Kraftstasjon	Kraftstasjonen skal ikkje plasserast lågare enn på kote 211.
Største slukeevne	Brev av 6. januar 2017 oppgjev 26,03 m ³ /s.
Minste slukeevne	870 l/s.
Turbin	Søknaden oppgjev 2 Francis-turbinar.
Installert effekt	Brev av 6. januar 2017 oppgjev 5010 kW. Installert effekt kan tilpassast og justerast innanfor rammene som største og minste slukeevne set.
Kraftleidning	Tilknytting til eksisterande nett skal etablerast som jordkabel langs eksisterande veg.
Vegar	Til inntaket skal det byggast ein mellombels veg, som skal tilsåast og kan fungere som køyresterkt terreng etter utbygginga. Det skal etablerast ny veg frå eksisterande veg til kraftstasjonen.

Det skal leggjast stor vekt på å tilpasse tiltaket til naturleg terreng og landskap. Det skal særleg leggjast vekt på å unngå at etableringa av kraftverket gjer skade på førekomsten av elveøyr oppstraums inntaket. Det skal også leggjast vekt på å unngå å gjere skade på førekomstane av jettegryter i vassdraget.

På dei punkta der det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen over kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Pålegg i medhald av denne posten må vere knytt til skader av utbygginga, og kostnadene ved pålegget må stå i rimeleg forhold til tiltaket sine skadeverknader og til nytta av pålegget. Vilkåret vil vere naturleg å sjå i samanheng med dei tiltak som kan bli pålagt etter vilkåra i post 8.

Post 6: Automatisk freda kulturminner

Departementet føreset at utbygger tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.